



Kolås, 3. Mars 2024

INNKALLING TIL STYREMØTE nr.2/24 i 4H Hordaland

Dato:	01.-02.mars 2024
Klokka:	18.00-14.00
Stad:	Hos Synne på Lofthus

Desse møtte på fylkesstyremøte:

Synne Røthe Sandal, Janniche Næss Bergås, Marius Skar Kolås, Steffen Stråtveit, Vilde Sylta Kvamme, Synnøve Stokken, Hjalmar Ølvestveit og Agathe Ølvestveit

Tilsette: Turid Sandstad Herland

Referat er sendt til desse for orientering:

Kontrollnemnda: Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald

SAK 12/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 12/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 13/24	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 14/24	Orienteringssaker
SAK 15/24	Val av nestleiar
SAK 16/24	Politiattest
SAK 17/24	Økonomioppdatering
SAK 18/24	Kommunikasjonsplattform fylkesstyret og tilsette

SAK 19/24	Kontaktpersonar for valnemnda, kontrollnemnda, H.A.N.S.A, 4H-gard, hovudkomite Landsleir 2024, synleggjeringsgruppa og vervegruppa
SAK 20/24	Møteplan
SAK 21/24	Vervestrategi og vervetal
SAK 22/24	Synleggjeringsgruppa
SAK 23/24	Insporama og Landsstyremøte
SAK 24/24	Vaksenleiar kurs del 1 og del 2
SAK 25/24	Landsleir 2024
SAK 26/24	Sal av profileringsklede
SAK 27/24	Profileringsklede fylkesstyret
SAK 28/24	Samarbeidsmøte med H.A.N.S.A
SAK 29/24	Ymse
SAK 30/24	Saker til neste styremøte

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 13/24 Godkjenning av referat frå sist styremøte

Vedlegg: Referat fylkesstyremøte 1/24

Vedtak: Referat frå fylkesstyremøte 1/24 vert godkjent med eventuelle merknadar.

SAK 14/24 Orienteringssaker

Tiltak	Orientering	Ansvarleg
4H-løpet	1.februar blei plakettløpet endra til det poengbaserte 4H-løpet.	4H Norge

	<p>4H Norge v/Martin Holmen arrangerte eit digitalt kick-off i anledning lanseringa.</p> <p>4H-løpet blei tatt opp på inspirasjonssamling og styrevervskurs.</p>	
Styrevervsopplæring, inspirasjonssamling, årsmøte	<p>09.-11.februar var det styrevervsopplæring, inspirasjonssamling og årsmøte i Øystese. Elisabeth Haagensen var kursadministrator. Sofie og Turid tok ansvar for inspirasjonssamlinga. 120 deltakar deltok på styrevervsopplæring og 15 instruktørar.</p>	Heile styret
H.A.N.S.A. oppdatering	<p>Nicolaj orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A.</p> <p>H.A.N.S.A har hatt eit digitalt styremøte. Då det er vanskeleg å ha fysiske møter. H.A.N.S.A ynskjer å sende alumnar på nattvolleyballcup. Dei jobbar med å arrangere ein alumnhelg i slutten av mars.</p>	Nicolaj
Molvik 4H-gard	<p>Steffen orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik.</p> <p>Det er lagt ut informasjon om under open himmel markeringa 4. mai.</p>	Steffen

<p>Klubbstatus</p>	<p>Turid gjer ein statusrapport for klubbane.</p> <p>Det er positiv medlemsutvikling i mange klubber.</p>	<p>Turid</p>
<p>Landsleir 2024</p>	<p>Janniche og Synne orienterer om arbeidet med landsleir 2024. Påmelding til landsleir opnar 4.mars kl.18.00.</p> <p>Forgje hovudkomitémøte var i februar på teams.</p> <p>Kronprinsen kjem ikkje, og han kjem heller ikkje til å sende ein video.</p> <p>Tema for innmarsj blir ekstrem innmarsj.</p> <p>Fylkesstyret skal ta ansvar for synleggjeringa av 4H toget.</p> <p>Det er kjem meir informasjon til dei frivellege om kor dei skal sove og korleis dei i hovudkometen skal melde seg på leiren.</p> <p>Alumnar skal melde seg på som alumn inne på 4H sidene.</p> <p>Det er berre dei i PR komiteen som skal legge ut</p>	<p>Janniche og Synne</p>

	promotering for landsleir 2024.	
Oppgåveskildring arrangementsgruppa	Fylkesstyret har utarbeida ei oppgåveskildring for arrangementsgruppa, den blir ikkje revidert i år då det ikkje er naudsynt å revidera den kvart år.	Synne
Oppgåveskildring kursadministratorar	Det er utarbeida ei oppgåveskildring for kursadministratorar/instruktørar, den vert sett over av kursadministratorane etter styrevervskurs kvart år.	Elisabeth
Storkurs	08.-10.mars er det storkurs i Sveio. Lid 4H er arrangør. Steffen, Nicolaj, Marius og Turid skal reise på storkurs. Dei skal ta med og selje promoteringsklede. H.A.N.S.A skal ta ansvar for det sosiale på fredag og laurdag kveld.	Lid 4H
4H-dagen	4.mai er det 4H-dagen. Styret må tenka ut korleis me ynskjer å markera dagen i sosiale medier. 4.-5.mai er det under open himmel arrangement på Molvik 4H-gard. Synleggjeringgruppa tek ansvar for promotering av arrangementet.	Heile styret

Distriktsmøter	<p>Fylkesstyret skal ha distriktsmøter i kvart distrikt i fylket, enten fysisk eller digitalt.</p> <p>Hardanger: Agathe og Vilde Sunnhordland: Synnøve og Janniche Nordhordland: Steffen og Hjalmar Voss, Ulvik og Granvin: Synne og Marius</p>	
Arbeidsplan	<p>Dokumentet "arbeidsplan" blir ikkje revidert då fylkesstyret ikkje har brukt dokumentet aktivt dei siste åra. Fordeling av deltaking på jubileumshaustfestar blir eigen sak på neste møte.</p>	Heile styret
Styremedlem studieforbundet natur og miljø	<p>26.mars har studieforbundet natur og miljø årsmøte.</p> <p>Hjalmar deltek på årsmøtet på vegne av 4H Hordaland. Janniche stiller til val som styremedlem i studieforbundet natur og miljø på vegne av 4H Hordaland.</p>	Studieforbundet natur og miljø
Årsmøte Vestland bondelag	<p>7.-8.mars er 4H Hordaland invitert til årsmøte til Vestland Bondelag på Scandic Flesland Airport.</p>	Vestland bondelag

	Leif Helge deltar på vegne av 4H Hordaland.	
Årsmøte Hordaland bygdekvinnelag	16.-17.mars er 4H Hordaland invitert til årsmøte til Hordaland bygdekvinnelag. Steffen deltar på vegne av 4H Hordaland.	Hordaland bygdekvinnelag

SAK 15/24 Val av nestleiar

I fylkesstyret er det to styremedlemmer: Steffen Stråtveit og Vilde Sylta Kvamme, ein av desse må veljast som nestleiar.

Vedtak: Steffen Stråtveit er valt som ny nestleiar.

SAK 16/24 Politiattest

Alle i styret må ha politiattest. Innan neste styremøte skal alle ha skaffa seg politiattest.

Vedtak: *Alle i styret skal ha skaffa seg politiattest innan neste styremøte.*

SAK 17/24 Økonomioppdatering

Janniche orienterar om økonomioppdateringa.

Fylkesstyret har kome godt i gang med året. Det er kome inn mykje sponsormidlar og tilskot frå bedrifter og organisasjonar til landsleiren.

4H Hordaland har brukt ein del pengar på gåver, instruktørlønn, mat og overnatting i forhold til styrevervskurs, inspirasjonssamling og årsmøte, med summer som er innafor budsjett.

Landsleirekneskapet har ikkje mange utgifter endå, men har fått inn omlag 20% av inntektene før inntektene frå deltakaravgift har kome.

Vedtak: Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.

SAK 18/24 Kommunikasjonsplattform fylkesstyret og tilsette

Fylkesstyret må snakka om kva plattform me vil bruka til å ha kommunikasjon mellom fylkesstyremøta. Tidlegare år er det brukt messengergruppa, og teams er brukt til å dela ulike dokumenter.

Vedtak: Fylkesstyret brukar teams til deling av dokumenter og messenger til kommunikasjon mellom fylkesstyremøta.

SAK 19/24 Kontaktpersonar for valnemnda, kontrollnemnda, H.A.N.S.A, 4H gard, hovudkomite Landsleir 2024, synleggjeringsgruppa og vervegruppa

Fylkesstyret må fordela kven som skal vera kontaktperson for valnemnda, kontrollnemnda, H.A.N.S.A, 4H gard, hovudkomite Landsleir 2024, synleggjeringsgruppa og vervegruppa.

Vedtak: Marius Skar Kolås er kontaktperson for valnemnda, Vilde Sylta Kvamme for kontrollnemnda, Synnøve Stokken for H.A.N.S.A, Steffen Stråtveit for Molvik 4H-gard, Synne Røthe Sandal & Janniche Næss Bergås for hovudkomite Landsleir 2024. Me fjernar kontaktperson for synleggjeringsgruppa og vervegruppa.

SAK 20/24 Møteplan

Vedlegg: Møteplan 2024

Fylkesstyret må ha møter med ca.6 veker mellomrom for å få ein kontinuitet i arbeidet. Vedlagt ligg forslag til møteplan. Det er viktig at alle i styret held av datoane, og gir beskjed så raskt som mogleg om det oppstår noko som gjer at ein ikkje kan møta.

Vedtak: Møteplan 2024 blir godkjend med eventuelle merknadar.

SAK 21/24 Vervestrategi og vervetal

Vedlegg: Vervestrategi for fylket, vervestrategi for klubbar og vervetal

Vervestrategien til 4H Hordaland må reviderast, og nye vervetal må inn i tabellen.

Vedtak: Vilde Sylta Kvamme og Synnøve Stokken ser over fjorårets vervestrategiar, reviderer dei og slår dei saman til eit dokument til neste fylkesstyremøte.

SAK 22/24 Synleggjeringsgruppa

Vedlegg: Oppdragsmal synleggjeringsgruppa

4H Hordaland har ei synleggjeringsgruppa som brukar Instagram, TikTok og Snapchat for å visa fram fylket. Fylkesstyret må bestemma kven som skal sitja i den gruppa og kven som skal revidera oppdragsmalen til synleggjeringsgruppa.

Vedtak: Janniche Næss Bergås, Synne Røthe Sandal og Agathe Ølvestveit skal sitte i synleggjeringsgruppa og dei skal reviderer oppdragsmal for synleggjeringsgruppa.

SAK 23/24 Insporama og Landsstyremøte

12.-14.april er det Insporama og Landsstyremøte på Gardermoen. Insporama var eit veldig kjekt og sosialt arrangement i fjor, og blir garantert lika kjekt i år. Fylkesstyret må snakka om kven som kan reisa. Synne har ikkje moglegheit å delta på landsstyremøtet, så fylkesstyret må bestemma kven som skal delta istaden for ho. Påmeldingsfrist er 11.mars.

Vedtak: Steffen Stråtveit deltek på landsstyremøte. Fylkesstyret skal ha eit møte i forkant der dei går gjennom landsmøtepapira. Steffen Stråtveit, Agathe Ølvestveit, Vilde Sylta Kvamme, Janniche Næss Bergås og Marius Skar Kolås reiser på Insporama.

SAK 24/24 Vaksenleiar kurs del 1 og del 2

26.-28.april er det vaksenleiar kurs del 1 og del 2 i Trondheim/Værnes. Meir info kjem frå N4HA. Fylkesstyret må snakka om kven me skal spørja om å delta.

Vedtak: Fylkesstyret ynskjer å senda 4 medlemmar, to jenter og to gutar. Steffen Stråtveit tek ansvaret for å spørja dei aktuelle.

SAK 25/24 Landsleir 2024

Landsleir nærmar seg, så fylkesstyret må snakka om kven me skal spørja om å vera leiarar for fylket. I handlingsplanen står det at målet er 224 deltakarar frå Hordaland, så då treng me rundt 15 leiarar. Me treng og nokon som kan vera hovudleiar. Det blir satt opp fellesreisa for fylket. Bussen går frå Leirvik på Stord-Skare-Odda-Kinsarvik-Voss. Synne og Janniche har ansvar for å designa nytt banner til leir, då det gamle banneret vårt er forsvunne.

Vedtak: Turid Sandstad Herland kontaktar mogleg hovudleiar. Synne Røthe Sandal kontaktar moglege leiare. Synleggjeringsgruppa tek ansvar for promotering av fellesreise. Synne Røthe Sandal og Janniche Næss Bergås forsett arbeidet med å utarbeide banneret. Banneret er planlagt å senda til trykk før neste fylkesstyremøtet.

SAK 26/24 Sal av profileringsklede

4H Hordaland har ein del hettejakker på lager. Det er gunstig å få seld desse før me kjøper inn nye profileringsklede til landsleiren, samt heilt nye design etter sommaren. På førre møte vart det bestemt at hettejakkene skal bli solgt til 100 kr. pr.stk. På årsmøtet kom det mange gode innspel til profileringsklede. Fylkesstyret må diskutera kva me ynskjer å gjera vidare.

Vedtak: Janniche Næss Bergås, Vilde Sylta Kvamme og Agathe Ølvestveit tek ansvar for å utvikle dei nye profileringskleda til fylket.

SAK 27/24 Profileringsklede fylkesstyret

Fylkesstyret har dei to siste åra hatt eigne genserar for å synleggjera oss på arrangement. Fylkesstyret må snakka om me ynskjer profileringskle, og eventuelt kva. Det er kome forslag om å kjøpa inn pique t-skjorter med 4H logo, i staden for å designa eigne genserar i år.

Vedtak: Turid Sandstad Herland skjekkar kva pique skjortene vil koste. Om prisen er innanfor budsjettet kjem me til å kjøpe pique skjorter til fylkesstyret. Me ser også på mogleheita til å søke støtte slik at me også kan kjøpe genserar.

SAK 28/24 Samarbeidsmøte med H.A.N.S.A

2 stk. frå fylkesstyret og 2 stk. frå H.A.N.S.A styret plar å ha eit møte i mars for å snakka om samarbeid det neste året.

Vedtak: Steffen Stråtveit og Synnøve Stokke møter på vegne av fylkesstyret.

SAK 29/24 Ymse

SAK 30/24 Saker til neste styremøte

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte
- Fordeling av jubileumshaustfestar